



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhb@aol.com

KLASSISK MUSIKK



Johann Andreas Silbermann-orgelet i den rokokke domkyrkja i sveitsiske Arlesheim blei bygt i 1761. Foto: Badische Zeitung

Attdikta for orgel

Kåre Nordstoga briljerer med Bach.

JOHANN SEBASTIAN BACH:

Orgelverk



KÅRE NORDSTOGA, ORGEL. LAWO 2012
Jamføringar: Haga (Pro Musica 2000)

Ericsson (Euridice 2011)

Den viktige stoda koralane (salmemelodiane i den evangeliske kyrkja) har i den protestantiske kyrkjemusikken, kan mest ikkje overvurderast. I gudstenesta dannar dei grunnlaget for den felles songen til kyrkjelyden. Men jamvel utanfor det liturgiske rammeverket, då særleg i orgellitteraturen, står dei sterkt.

Domorganisten i Oslo, Kåre Nordstoga, har på det nye dobbelalbumet sitt spela inn eit av dei mektigaste variasjonsverka over ein koral som finst: Johann Sebastian Bachs (1685–1750) *Partite diverse sopra «Sei gegrüßet, Jesu gütig»* (BWV 768). Han har drege til Sveits, til den rokokke domkyrkja i Arlesheim, som hyser eit framifrå instrument av orgelbyggjaren Johann Andreas Silbermann. Diverre må me på internett for å finna skikkeleg «instrumentbiografi» – dette er ein mangel i det skrinne omslagsheftet, der berre disposisjonen står.

BACH GÅR BANANAS

Bachs koralpartita er samansett av tema og elleve variasjonar. Nordstoga spelar temaet (koralen i si enkle, firstemige form) lågmælt og melodisk sentrert. Overgangen til den fyrste variasjonen, som er ei tostemmig utsmykking av koralmelodien, er dynamisk atterhalden. Her skipar Nordstoga eit tydeleg stemme-

hierarki, for den øvste melodien er langt klårare og sterkare registrert enn den nedste, som er som eit lint akkompagnement. Han gjev òg den øvste melodien ein stoltare og meir eigenarta agogikk enn den nedste.

I den femte variasjonen har komponisten late basstemma gå bananas i rappe og villskaplege akkordbrytingar. Dette kunne Nordstoga lyft betre fram; dei to overstemmene blir for dominerande, og den villstyrlege bassen med den herleg frekke nasalklangen har for lite friksjon og hamnar i bakgrunnen. Den ellefte og siste variasjonen er ein feit og saftig sandwich av fem stemmer. Her lét Nordstoga det sveitsiske orgelet blåsa av fulle lunger og får i stand ein høgtidsam sving med god driv.

ATTDIKTINGAR

Endå lenger borte frå den liturgiske musikken er repertoaret på den andre CD-en i dette dobbelalbumet. Her finn me fem konsertar for fiolin og orkester av ulike komponistar som Bach «attdikta» for orgel. Dette medan han jobba i Weimar, der brorparten av orgelverka blei til (eit engasjement som elles enda med at her-tugen kasta den eigenrådige organisten i fengsel).

Mest eigenarta er Bachs omarbeiding av Antonio Vivaldis *Konsert for to fiolinar, cello og orkester i d-moll*, som Nordstoga spelar oppglødd og engasjerande. Dette omskiftelege meistarverket rundar av ein ypparleg CD som presist utforskar dei mange vakre registra Arlesheim-orgelet lét seg spela på.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

Standardinnspelninga:

Ein keitete konsert?

Dvořák gjorde sitt beste. Det er godt nok.

ANTONÍN DVOŘÁK:

Piano Concerto



PIERRE-LAURENT AIMARD, KLAVER; ROYAL CONCERTGEBOUW ORCHESTRA, DIR.: NIKOLAUS

HARNONCOURT. TELDEC CLASSICS 2006

«Eg ser at eg er ute av stand til å skriva ein konsert for virtuosar. Eg lyt tenkja på anna.» Det skriv Antonín Dvořák i Praha ein vårveld i 1876 etter premieren på *Konsert for klaver og orkester i g-moll*, op. 33. Denne fyrste og siste klaverkonserten hans røynde kraftig på kreftene til den 35 år gamle komponisten. For ulikt dei fleste av kollegaane i hans kaliber var Dvořák strykar, ikkje konsertpianist. Klaverparten i g-mollkonserten er difor så keitete og uidiomatisk skriven at pianistar sidan den tid har kvidd seg for han. Mange har laga egne «korrigerte» omarbeidingar – slik kan sjølvnøgde solistar betre syna kva dei er gode for bak flygelet.

VARM POTET

Alt i fyrstesatsen *allegro agitato*



Pessimisten: «Eg lyt tenkja på anna», sa den tsjekkiske komponisten Antonín Dvořák (1841–1904) etter å ha høyrte urframføringa av klaverkonserten sin.

høyrer me at Dvořáks konsert ikkje er av den vanlege sorten. Klaveret triumferer ikkje over orkesteret. Det er «orkestrert» som ein del av orkesteret, og kvar melodiske rørsle, kvart motiv pianisten spelar, finn straks atterklang i orkesteret og blir leikande kasta som ei varm potet ikring mellom instrumenta.

BØHMISK BYGDEFEST

Den franske pianisten Pierre-Laurent Aimard spelar Dvořáks opphavlege notetekst, nett slik komponisten skreiv han i 1876 – det gjer denne innspelninga til eit vakkert klenodium. Det

nederlandske Concertgebouw-orkesteret under leiding av austerrikaren Nikolaus Harnoncourt skaper solide stemningsmessige rammer for pianisten. Særleg smeikjande er det i andresatsen, ein roleg *andante sostenuto* som med lengtande hornsoloar fører oss bort i djupe, grøn-bivrande bøhmiske skogar. Som finale gjev Dvořák oss ein stiv og påståeleg bøhmisk dans i «tsjekkisk nasjonalstil». Pianisten Aimard og dirigenten Harnoncourt tek oss her med på ein skikkeleg bøhmisk bygdefest. Og dei sprudlar av samspelsglede.

Dramatiske trioar



ANTONIO VIVALDI:

Sonate da camera a tre, opus 1

L'ESTRAVAGANTE, NAÏVE 2012

Berre fint kan seiast om denne vedunderlege innspelninga av Vivaldis tolv trionsonatar for to fiolinar og bass, hans *opus primum* og offentlege debut i heimbyen Venezia i 1705. Fiolinistane i L'Estravagante spelar med sylskarp intonasjon og friskt fintmerkande, omskifteleg artikulasjon. Dei snare satsane har flammande intensitet. Dei

rolege har Vivaldi komponert med eit minimum av notar, slik at utøvaren sjølv skal kunna utfalda seg improvisatorisk. L'Estravagante meistarar suverent utfordringa og evnar å dana ein dramatisk gang jamvel i dei knappaste satsane.

Antonio Vivaldi (1678–1741), her i den karikerte streken til Pier Leone Ghezzi frå 1723.



Konsentrert klare



AUERBACH, KURTÁG, THOMMESEN, NØRGÅRD M.F.L.:

Secret Memories

DAN STYFFE, KONTRABASS; OSLO

FILHARMONISKE ORKESTER, DIR.: JUKKA-PEKKA SARASTE. SIMAX 2012

Som ein doggvåt bjørkekvast slår den rue kontrabassklangen mot oss i den russiske komponisten og poeten Lera Auerbachs (fødd 1973) *Memory of a tango*, ein maskulint-melankolsk tankestraum for kontrabass åleine. Ideane hennar fengslar av di dei er så konsise. Svensken Dan Styffe spelar dei knapt som eit hemingwaysk sitat, og jamvel i det djupaste registret held han på den konsentrerte og klare klangen. Olav Anton Thommesens (fødd 1946) *A Lyrical Duet* for fiolin for kontrabass er òg god. Komponisten greier å jamføra ytterpunktta mellom strykarinstrumenta effektivt, utan at det store dominerer det vesle, jamvel om dimensjons-skilnadene kan liknast ein pardans mellom blå-kval og delfin.

Den svenske kontrabassisten Dan Styffe. Foto: Sverre Christian Jarild

